



Harald Bratli
Pb 147
5888 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3658 - 14/18060

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
19.11.2014

Retting av feil i matrikkelkartet for GBNR 36/65

Meland kommune har fått inn krav om retting av grenser i matrikkelkartet for gnr. 36 bnr. 65. Rekvirent av rettinga er Harald Bratli som eig denne saman med Liv Sissel Bratli. Vedlagt krav om retting er eit kart der framlegg til eigedomsgrensene er teikna inn etter mål oppgitt i skylddelingane og kopi av skyldskifte for eigedommen.

Retting av grenser er berre aktuelt der grensene ikkje tidlegare er bestemt av kommunen ved kart-/oppmålingsforretning og der dei ligg i kartet med unøyaktig kvalitet/ usikre grenser. Slik retting av grense utan oppmålingsforretning er heimla i Matrikkellova §26.

Generell informasjon om/ vilkår for retting av grense:

- Dersom partane det gjeld er samde om kvar grensa går og dei kan dokumentera desse med skyldskifte, jordskifte eller liknande og teikna dei inn på kart så nøyaktig som råd, kan kommunen rette grensene i matrikkelkartet.
- Dersom partane har ulike påstandar kan kommunen ikkje gjennomføra rettinga eller grensa kan verte lagt inn som omtvista grense, dvs fleire aktuelle bruksnummer på same areal.
- Dersom retting av grense ikkje fører fram kan partane rekvirere oppmålingsforretning/påvising av grensa enten hjå kommunen eller hjå jordskifteverket. Dersom partane ikkje er samde er grensepåvising ved jordskifteretten den einaste måten å få grensa nøyaktig avklart på, eventuelt nymerka og målt på ein etterviseleg måte. Slike forretningar må betalast av rekvirent.

Ein gjer merksam på at retting av matrikkelgrense ikkje fører til endring av status til grensa. Grensa vert framleis liggande som ”usikker” grense i kartet, men eigedommen sin storleik og plassering vil forhåpentlegvis vera meir rett enn tidlegare. Flytting av grensa i kartet endrar heller ikkje på grensa i terrenget. Det er framleis skyldskifte og merka i marka som gjeld.

Denne rettesaka gjeld:

Eigedommen 36/65 ligg i dag i kartet som ein sirkel eigeidom- dvs ein fiktiv eigedom som markerer at gnr. 36 bnr.65 ligg om lag der sirkelen er plassert. Sirkelen er plassert slik at naustet tilhøyrande eigedommen vert liggande på rett eigedom.

På vedlagte Kartvedlegg til rettesaka dat 19.11.2014 har kommunen teikna inn eit framlegg til retting av grensene til 36/65. Skyldskiftet for eigedommen 36/65 seier kor stor denne skal vera og skildrar grensene til eigedommen. Skyldskiftet seier at eigedommen er 0,31 daa. Slik den ligg i kartet etter den blå streken er den om lag 0,35 daa. Måla frå skyldskiftet er påført kartet.

Det er teikna inn ein blå strek som syner grenselinja etter mål frå skyldskiftet. Det står også at grensa fyl strandlinja for avstandane 7m, 7m og 20,3 m. Ved endeleg retting av desse grensene vil eigedomsgrensene gå vidare ut i sjøen og ikkje etter den blå konstruerte linja langs sjøen.

Skyldskiftet seier også at 36/65 skal grensa mot Ole Kjempenes sin nausttomt i vest. Dette er truleg nausttomta 36/40. Grensene til denne er også unøyaktige i kartet, og mest truleg skal desse eigedommene ha felles grense. Det er ikkje gjort framlegg om retting av grensa til 36/40, men eigar kan senda inn framlegg om dette som ein merknad i denne saka, eller det kan takast som ei eiga sak om retting i ettertid.

Dersom de ikkje er samde i at denne rettinga vert utført i samsvar med den blå grensa, med unntak av streken mot strandlinja som vert fjerna, bed ein om at de kjem med **skriftleg tilbakemelding på dette innan 3 veker frå de mottar dette brevet.**

Dersom det ikkje kjem inn motsegn til framlegget, vert matrikkelgrensa endra i samsvar med framlegg og ovanfor nemnde merknad om grensa mot sjøen. Underretting om nye grenser vert sendt til dei det gjeld etter at rettinga er utført.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

36_65_vedlegg til krav om retting.
Framlegg til retting 191114

Kopi til:

Aase Krantz

Utsikten 15

5162

LAKSEVÅG

Mottakere:

Harald Bratli	Pb 147	5888	BERGEN
Randi Odland	Hesjaholtvegen 40	5142	FYLLINGSDALEN
Peggy og Rune Krantz-Underland	Utsikten 21	5162	LAKSEVÅG
Gunvor M Ellingsen	Gamle Ringeriksvei 21 C	1356	BEKKESTUA